

ENDRE KONGLEVOLL  
Hønsedalen 63  
5912 SEIM

LINDÅS KOMMUNE  
5914 ISDALSTØ



### **VEDLEGG TIL SØKNAD OM RIVING AV KÅRHUS GNR 171/6 – BYGGET SIN TILSTAND.**

På Seimsgarden gnr 171 i Lindås var det utskifting i 1898. I åra etter dette vart det bygt nye hus i dei nye tuna som vart etablerte. Kårhuset på gnr 171/6 er såleis frå ca 1900.

Dette er eit tømra hus , ca 7 x 14 m grunnflate som i seinare tid er kledd innvendig med plater. Buarealet i hovedetasje er ca 78 m<sup>2</sup>, i andre etasje ca. 30 m<sup>2</sup> .

Tømmerveggane er fulle av mit. Det vart sagt då veggane innvendig vart plata at ein kledde inn miten.

Huset er i dårlig stand. I kjellaren er det innsig av fukt sidan noko av grunnmuren står rett på berg. Grunnmuren på arka mot vest har sige ut som vist på biletet her.



Det er forbod mot fyring i begge skorsteinane i huset, pga tilstand og treverk som ligg for tett inntil varmekjelda.

Taket er dårlig og har lekkasje fleire stader.

Fleire vindaugskarmar er rotna og her er det berre tidsspørsmål før ein får lekkasje.

Huset har no stått tomt i fleire år- berre brukt som lager. Her er ikkje tilkobla straum lenger, og vedlikehald vart avslutta for fleire år sidan. Nytt våningshus på garden vart bygt i 1983.

Huset er i ein slik tilstand at det ikkje er tenleg til bruk. Og med nytt våningshus på garden er det heller ikkje bruk for dette huset lenger. Det skal ikkje byggjast nytt der huset står. Tunet på garden er ganske trøngt, og når me får dette huset fjerna, vert plassen brukt som trafikkareal og parkering i samband med gardsdrifta.

Seim 23.11.2018

*Endre Konglevoll*

Endre Konglevoll (s)





